

Sak. 8.17 Økonomiplan for 2018–2021, og budsjett 2018

Økonomiplan for 2018–2021, og budsjett 2018 ligg ved.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2018–2021

Representantskapet godkjenner budsjettet for 2018

Styret kan ta opp lån innanfor vedtektene sine rammer, og kan pantsetja eigedommane til selskapet.

Styret får fullmakt til å selja aksjane i Rekom AS og SLab AS, om, og når ein meiner det er rett.

Sak 9.17 Miljøfond, etter sal av næringselskap

Bakgrunn for saka:

Representantskapet handsama i sak 9/15 retningslinjer for bruk av miljøfondet etter sal av næringselskapa i SIM. Eit samla representantskap kom med sterke signal om at verdien i fondet måtte oppretthaldast, og at midlane vart brukt til det føremål dei var avsette til:

Vedtak i sak 9/15:

1. Saka vert utsett til neste representantskapsmøte.
2. Representantskapet ber om at det vert utarbeida eit nytt forslag til retningslinjer som m.a. tek opp i seg følgjande:
 - retningslinjene skal ikkje gje føringar for plassering av fondskapitalen, det skal utarbeidast ein eigen plasseringsstrategi for kapitalen
 - bruk av fondet skal avgrensast til avkastinga av fondsmidlane og til kjent avkasting
 - det skal som hovudregel ikkje gjevast opning for at selskapet kan låna av fondsmidlane

På bakgrunn av vedtaket i 2015 la styret fram for representantskapet i 2016, sak om retningslinjer og bruk av miljøfondet. Forslaget som vart lagt fram til møtet i 2016, vart ikkje vart handsama, men utsett av di ein ba om ei alternativ utgreiing.

I saka vart det òg lagt fram sak om forvaltning av midlane, denne saka vart trekt av di ein skulle utgreie alternativ bruk.

Vedtak i sak 9/16

"Representantskapet ber om ei alternativ utgreiing der prinsippet er at selskapet nyttar gevinsten ved sal av SIM Næring AS til miljøformål i eigarkommunane og i samarbeid den enkelte eigarkommune. Kvar eigarkommune må få sin forholdsmessige del (tilsvarande eigardel). Omgrepet miljøformål må definerast i eit utvida perspektiv slik at det også omfattar tilgjenge til eit godt miljø, til dømes naturstiar. Ei slik ordning vil innebære at selskapet nyttar midlar over ei viss tid og at fondet vert nedbygd og avvikla."

Saksutgreiing:

SIM kan berre nytte midlar i tråd med selskapet sitt føremål. Midlane i miljøfondet må difor nyttast innanfor føremålet til selskapet. Dersom midlane skal kunne nyttast etter ei utvida miljøforståing må føremålsparagrafen (§ 4) endrast. Det kan ein gjera ved at ein legg til eit nytt punkt; *Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.* Dersom ein legg til eit nytt punkt bør det utarbeidast retningslinjer for kva som er miljøtiltak i denne samanheng.

Selskapet har i framtida trong for auka låneramme til framtidige investeringar og samtidig sikre nødvendig driftslikviditet. Dersom ein betaler ut miljøfondet reduserer ein eigenkapitalen og låneramma i selskapsavtalen (§13) bør då endrast frå 10 millionar kroner til 30 millionar kroner.

Om kvar eigarkommune skal få sin forholdsmessige del (*tilsvarande eigardel*) kan dette tolkast slik at selskapet betaler utbytte til eigarane. Dette er då i strid med selskapsavtalen § 15, 5. ledd som seier *Selskapet har ikkje høve til å betala utbytte til eigarane.*

Frå notatet til revisor;

I forslaget fra Bømlo kommune er det inntatt en setning om at «kvar eigarkommune må få sin forholdsmessige del (tilsvarande eigarandel)». Vedtas en slik retningslinje er dette etter vår mening noe som drar vedtaket i retning av utdeling/utbytte som er i strid med vedtektenes § 14, 5 ledd. I motsatt fall, om en slik formulering ikke medtas i retningslinjene mener vi at § 14, 5 ledd (etter justering av § 4) ikke er til hindrer for at selskapet kan benytte midler til miljøtiltak.

Notat frå revisor ligg vedlagt.

Søknad om midlar frå miljøfondet skal handsamast av SIM, og sluttrapport for kvar søknad om bruken av midlane, bør sendast SIM.

Styret legg fram to alternativ til vedtak:

Alternativ 1 (Alternativet er likt det som vart lagt fram i 2016):

Ein brukar avkastinga av miljøfondet til miljøføremål i kommunane, fondet skal oppretthalda sin verdi. Midlane må plasserast for best moglege avkastning.

Framlegg til vedtak

Retningslinjer for forvaltning av fondet:

- Fondet skal oppretthalda sin realverdi før bruk av midlar.
- Bruk av midlar kan skje etter at rekneskap er godkjent.
- Det skal som hovudregel ikkje gjevast opning for at selskapet kan låna av fondsmidlane
- Representantskapet vedtek strategi for plassering av midlane

Retningslinjer for bruk av midlane frå fondet:

- Fondet kan berre brukast innanfor føremålet til SIM
- Fondet skal nyttast til tiltak som vil gje miljøvinst for kommunar, innbyggjarar, institusjonar og verksemder i SIM- området. Det kan til dømes vera tiltak som fremmar ombruk, gjenvinning og reduserer avfallsmengder.
- Alle kan søkja, etter kunngjering
- Representantskapet deler ut midlane etter vurdering av innkomne søknader.

Alternativ 2:

Ein byggjer ned fondet etter bruken til miljøtiltak i den enkelte kommune. Dersom bruken av midlane skal knytast opp mot eigardelen i kvar kommune vil dette vera i strid med SIM sin selskapsavtale.

Ved dette alternativet kan det vera vanskeleg å plassera midlane slik at ein får god avkastning, då ein ikkje veit når midlane skal brukast.

Framlegg til vedtak:

Representantskapet ynskjer at kommunane godkjenner endringar i selskapsavtalen:

§ 4 Føremål, får eit nytt punkt; *Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane.*

§ 13 Første setning får slik ordlyd; Selskapet kan ta opp lån med inntil kr. 30 000 000.

Retningslinjer for forvaltning av fondet:

- *Det vert ført rekneskap over miljøfondet i høve til eigarkommunane sin eigardel i selskapet.*

Retningslinjer for bruk av midlane frå fondet:

- Fondet kan berre brukast innanfor føremålet til SIM
- Fondet skal nyttast til miljøtiltak i eigarkommunane.
- Alle kan søkja, etter kunngjering
- Representantskapet deler ut midlane etter vurdering av innkomne søknader, ein person frå kommunen og ein frå styret i SIM vurderer søknadane.

Sak 10.17 Ressurs- og miljøstrategi

Selskapet sin «Ressurs og miljøstrategi» vart handsama i Representantskapet i 2016, og vedteken oversendt kommunane for uttale. Eigarkommunane har no uttale seg og strategien vert no lagt fram for representantskapet for endeleg godkjenning.

Eigarkommunane hadde fylgjande innspel til strategien, og desse vil bli teke omsyn til i selskapet sitt vidare arbeid og planar. Mellom anna er det allereie lagt opp til innsamling av plastemballasje i alle eigarkommunane frå april 2018.

Austevoll

Selskapet har vore i formannskapet for orientering av planen. Austevoll kommune har kome med slikt innspel:

Austevoll kommunestyre gir si tilslutning til ny ny ressurs- og miljøstrategi for SIM.

Bømlo

Bømlo kommune har kome med slikt innspel:

Bømlo kommune ser positivt på at SIM har arbeidd fram ein ressurs og miljøstrategi tilpassa nye internasjonale, nasjonale og lokale klima og miljømål. Det er positivt at SIM har arbeidd fram denne planen sjølv om det ikkje lengre er lovpålagt å lage avfallsplan.